

1 **TV PU 24-1 Utvid lokaltogruter fra Kongsberg til Bø!**

2 Frå Midt-Telemark Venstre:

3 Me treng ei heilskapleg satsing på jernbane i Noreg for at tog skal bli eit stabilt og godt alternativ
4 for både passasjerar og gods. Dette er eit arbeid med langtidsperspektiv, men i mellomtida er
5 det fleire mindre tilpassingar som kan løfte togtilbodet på kort sikt, og bidra til å halde på
6 togkundane.

7 I Vest- og Midt-Telemark er det stor frustrasjon over mange forseinkingar og det som blir oppfatta
8 som eit dårleg tilbod på Sørlandsbanen. Denne togstrekninga har den svakaste statistikken i
9 landet når det gjeld punktleghet. I staden for å bruke GoAhead og Sørlandsbanen frå Bø er det
10 derfor fleire og fleire som køyrer til Kongsberg for å bruke Vy sitt tilbod derifrå. Midt-Telemark
11 Venstre meiner derfor at enkelte av togrutene til Vy bør forlengast og køyre heilt til Bø stasjon.
12 Allereie nå med dagens rutetider er det mogleg å la siste kveldstoget til Kongsberg fortsette til Bø
13 eller Drangedal, og la det køyre derifrå som fyrste tog på morgonen. Men dette er berre eit
14 minimum av det som bør vera mogleg å få til. Det er eit overordna mål i landet at me må få fart på
15 toget! Eit utbedra tilbod til store delar av Øvre-Telemark er ein bit av dette målet.